
Saknr: 2020/44657-1
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2020

Mynde for fylkesutvalet til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til den orientering som er gjeve om fylkesutvalet sitt mynde til inntil vidare å fatte vedtak i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget.
2. Fylkesutvalet nemner opp ein representant frå kvart av partia Raudt og Pensjonistpartiet som midlertidige medlem av fylkesutvalet inntil vidare. Status som midlertidige medlem gjeld berre i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget.

Som midlertidig medlem frå partiet Raudt vert vald:

Som midlertidig medlem frå partiet Pensjonistpartiet vert vald:

3. Fylkesutvalet gir fylkesordføraren mynde til å ta avgjerd i saker der det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til (fjern)møte i fylkesutvalet.

Samandrag

Den ekstraordinære situasjonen fylkeskommunen og landet no står i med spreining av viruset Covid-19, krev ei klargjering av myndedelinga og ein ekstra sikringsventil når det gjeld mynde til å ta avgjerd i hastesaker for Vestland fylkeskommune.

Fylkesutvalet innehar inntil vidare kompetanse til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, òg prinsipielle saker. Vurderinga knytt til om fylkesutvalet har kompetanse vert gjenstand for fortløpande vurdering. For å sikre demokratisk involvering, vert ein representant frå kvart av partia Raudt og Pensjonistpartiet peika ut med status som midlertidige medlem i fylkesutvalet, avgrensa til dei sakene som skulle vore avgjort av fylkestinget.

Fylkesordføraren vert gjeve mynde til å ta avgjerd i saker der det ikkje er tid til å kalle inn til (fjern)møte i fylkesutvalet.

Saman med fylkesrådmannen sitt mynde til å handtere krisesituasjonar, vil nemnde myndedeling sikre at Vestland fylkeskommune kan ta hurtige og naudsynte avgjerder for å avgrense dei negative verknadene av viruset Covid-19.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den ekstraordinære situasjonen fylkeskommunen og landet no står i med spreiiing av viruset Covid-19, krev ei klargjering av myndedelinga i Vestland fylkeskommune. Det alminnelege utgangspunktet etter kommunelova § 5-3 (2) er at fylkestinget treff vedtak på vegner av fylkeskommunen viss ikkje noko anna følgjer av lov.

Fylkestinget i Vestland har i reglement for folkevalde organ og delegering delegert mynde til andre folkevalde organ og fylkesrådmannen når det gjeld ei rekkje oppgåver.

Fylkestinget er det øvste, men òg det desidert største folkevalde organet i Vestland. Det set store krav til innkalling, organisering og gjennomføring av møte, uavhengig av vedteke midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøte og skriftleg saksbehandling.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet treff vedtak om oppnemning av representantar med status som midlertidige medlem av fylkesutvalet etter reglement for fylkesutvalet punkt 3.

Fylkesutvalet gir fylkesordførar mynde etter reglement for fylkesutvalet punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Mynde hjå fylkesutvalet for hastesaker

Fylkesutvalet har i reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7 slikt mynde:

«Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmunde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.»

Fylkesutvalet har dessutan i punkt 3 i dag slikt mynde når det gjeld hastesaker:

«Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.»

Ordlyden er i tråd med kommunelova § 11-8 (1) som gjeld utvida mynde i hastesaker.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at føresegna òg gjeld for prinsipielle saker. Føresegna gjeld òg i dei tilfelle lovgjeving eksplisitt legg mynde til fylkestinget sjølv, jf. førearbeida Prop. 46 L (2017-2018). Dette inneber at fylkesutvalet under føresetnad av at det ikkje er tid til å kalle inn til møte i fylkestinget, innehar kompetanse til å treffe vedtak i alle saker, òg prinsipielle saker.

I førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018)) heiter det om utvida mynde i hastesaker:

«Departementet vil understreke at det skal noe til før en hastefullmakt kan benyttes. Adgangen må sees i sammenheng med bestemmelsen om fjernmøte i det organet som i utgangspunktet har fullmakt til å treffe den aktuelle avgjørelsen. Kommunene bør i størst mulig grad vurdere om det er mulig å treffe en avgjørelse i et fjernmøte framfor at saken behandles etter bestemmelsen om hastesaker.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at vilkåret om at det ikkje er tid til å kalle inn til fylkesting i situasjonen vi no er i, er oppfylt. Fylkesrådmannen grunnjev dette med at det vil vere svært lite hensiktsmessig, særskild byrdefullt og leggje beslag på store administrative ressursar å kalle inn til (jern)møte i fylkestinget no. Vurderinga knytt til dette vilkåret vil bli løpande vurdert. Som eit førebels utgangspunkt, legg fylkesrådmannen til grunn at fylkesutvalet vil ha mynde til å treffe

vedtak i alle saker fram til 1. august 2020, samanfallande med varigheit av vedteke midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøte og skriftleg saksbehandling.

Alle vedtak i fylkesutvalet som i ein normalsituasjon skulle vore fatta av fylkestinget, skal leggjast fram som referatsak til fylkestinget i deira neste møte, jf. kommunelova § 11-8 (1).

Demokratisk involvering

Fylkesutvalet er sett saman av medlemene som er vald inn der. Flytting av mynde frå fylkesting til fylkesutval inneber ikkje flytting av medlemmer. Fylkesrådmannen syner likevel til at potensielt omfattande bruk av utvida mynde i hastesaker i fylkesutvalet, bør spegle representasjonen i fylkestinget. Fylkesrådmannen vil difor foreslå at partia Raudt og Pensjonistpartiet får ein representant kvar med status som midlertidig medlem i fylkesutvalet, avgrensa til dei sakene som skulle vore avgjort av fylkestinget.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at nemnde løysing ikkje vil stride mot lovgjevares intensjonar når det gjeld bruk av hastemynde. I og med utgreiinga om mynde hjå fylkesutvalet, vil det ligge til fylkesutvalet å vedta ei slik løysing med midlertidig representasjon. Fylkesrådmannen vil tilrå at midlertidig representasjon gjeld til 1. august 2020, samanfallande med vedteke midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøte og skriftleg saksbehandling, eller inntil situasjonen er endra.

Mynde til fylkesordføraren for hastesaker

Etter kommunelova § 6-1 (4) bokstav b, kan *fylkestinget sjølv* gi fylkesordførar mynde til å treffe vedtak i hastesaker etter § 11-8 (1).

Fylkesrådmannen viser til førearbeida og utgreiinga over, der det går fram at mynde hjå fylkesutvalet i hastesaker òg gjeld der mynde etter lov ligg til fylkestinget sjølv. Det inneber at fylkesutvalet i dette konkrete tilfelle kan gi fylkesordførar mynde tilsvarande det dei sjølv har til å treffe vedtak i hastesaker.

Fylkesrådmannen syner til at slikt mynde berre skal fungere som ein ekstra sikringsventil. Vilåret for å gjere nytte av slikt mynde er då at det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til (jern)møte i *fylkesutvalet*. Fylkesrådmannen vil tilrå at slikt mynde hjå fylkesordførar gjeld til 1. august 2020, samanfallande med vedteke midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøte og skriftleg saksbehandling, eller inntil situasjonen er endra. Det vil vere opp til fylkesordførar å vurdere om vilkåra for å gjere nytte av mynde til å ta avgjerd i saker er til stades.

Alle vedtak fylkesordførar treff, og som i situasjonen vi no er i skulle vore fatta av fylkesutvalet, skal leggjast fram som referatsak til fylkesutvalet og fylkestinget i deira neste møte, jf. kommunelova § 11-8 (1).

Andre verktøy i kommunelova

Fylkesrådmannen peiker på moglegheita kommunelova § 5-6 (3) og (4) gir fylkesutvalet til å opprette arbeidsutval med mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning eller til å førebu saker til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt mynde

Fylkesrådmannen sitt mynde finn ein hovudsak i vedteke reglement for delegering til fylkesrådmannen og i reglement for delegering etter særlov. Særleg relevant i situasjonen fylkeskommunen no står i, er punkt 8 i reglement for delegering til fylkesrådmannen om mynde til å handtere ein krisesituasjon:

«Fylkesrådmannen har mynde til å handtera ein krisesituasjon. Etter at krisa er over, vert det lagt fram ei sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.»

Fylkesrådmannen har nytta og vil framleis kunne nytte seg av mynde til å gjere naudsynte grep for å handtere den situasjonen fylkeskommunen står i. Fylkesrådmannen si handtering må skje i tett dialog med fylkesordførar og fylkesutvalet.

Konklusjon

Fylkesutvalet innehar inntil vidare kompetanse til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, òg prinsipielle saker. Vurderinga knytt til om fylkesutvalet innehar naudsynt kompetanse, vert gjenstand for løpande vurdering.

For å sikre demokratisk involvering, vert ein representant frå kvart av partia Raudt og Pensjonistpartiet peika ut med status som midlertidige medlem i fylkesutvalet, avgrensa til dei sakene som skulle vore avgjort av fylkestinget.

Fylkesordføraren vert gjeve mynde til å ta avgjerd i saker der det ikkje er tid til å kalle inn til (fjern)møte i fylkesutvalet.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, Sv, KrF, V og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet ber fylkesordfører kalle inn til fjernmøte (e-post) i fylkestinget snarast for å handsame denne saka.

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere følgjande vedtak:

1. Fylkestinget overfører alle fullmakter til å handtere saker som følgjer av korona-epidemien inn til 1. mai 2020.
2. Fylkestinget gjev gruppeleiarane til Raudt og Pensjonistpartiet møte- og talerett i fylkesutvalet i dei saker som skulle vore handsama i fylkestinget.
3. Fylkestinget gir fylkesordføraren mynde til å ta avgjerd i saker der det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til (fjern)møte i fylkesutvalet.
4. Fylkestinget ber administrasjonen forsøke å finn ein løysing for å samle fylkestinget gjennom eit fjernmøte på video for handsaming av saker som til vanleg ville vore avgjort av fylkestinget, t.d. ekstraordinært fylkesting 12. mai for handsaming av NTP.»

Fylkesordfører sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet trekk saka og ber om ei ny sak til neste fylkesutval.»

Avrøysting til å trekke saken

Fylkesordfører sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag og Heen sitt forslag vart difor ikkje røysta over.

Vedtak

Fylkesutvalet trekk saka og ber om ei ny sak til neste fylkesutval.